


Brattvåg Rotaryklubb



Medlemsbrev nr 4, 2013/2014

April, mai og juni 2014

President Anne Marit Sønnerland



Redaksjonskomite: Lidvar Sunde, Rolv Rørhus, Jonny Helland, Jan Huse, Svein Arne Rørhus

01.04.2014 – Arild

Remmereit – Tankar kring Brattvåg.

President Anne Marit åpnet møtet. Ein engasjert og nysgjerrig heimflytta Arild som har mykje spanande på gang på ID huset til hausten. Noko vi må prøve å få med oss alle som ein.

Ref: Lidvar

08.04.2014 – Fritt møte

President Anne Marit Sønnerland ønsket velkommen til nytt møte. Det var veldig godt fremmøte i dag, og vi klappet for bursdagene til Hallvard Ulstein, som fylte 90 år den 2. april og til Bjørn Johnsen, som fylte år i dag.

På lørdag 5. april var President Anne Marit og Hjørdis på besøk hos Njål med overrekkelse av æresmedlemskapet (se bilde og tekst på neste side). Denne dagen offentliggjorde også Thorleif at Leif Sønnerland er tildelt Kongens fortjenstmedalje for samfunnsnyttig engasjement gjennom mange år. Leif er også tidligere utnevnt til PHF. Opplevelser fra de første krigsdagene ble også frisket opp igjen da Rolf Haugerud fortalte fra sine opplevelser fra Oslo/Jar med flyaktivitet

og senkingen av Blucher natt til 9. april 1940.

Ref: Lidvar

14.04.2014 – Møtefri (Påske)

22.04.2014 – Øyvind

Haugen, skildringsbrev fra reise i Asia.

Anne Marit åpnet møtet på vanlig møte og ga så ordet videre til dagens foredragsholder Øyvind som skulle fortelle om reisen til Cambodia og Laos. Det skulle vise seg å bli en interessant time for oss alle.

Med bilder og påfølgende kommentarer fikk vi se hvordan disse landene er i stor endring og at de har nok en lang vei å gå for å komme opp på en vestlig standard. Landbruk er den store leveveien fremdeles og for Cambodia utgjør den hele 60%, fiske kommer deretter.

Pol Pot-regimet som styrte Cambodia 1975-79 klarte i den perioden å myrde over 2 millioner menneske og var et redselsregime av verste sort. Her kunne vi se flere massegraver og minnesmerker over denne tragiske

perioden i landet sin historie.

I dag er landets hovedspråk engelsk, og landet er et kongedømme i motsetning til Laos, som er republikk og på mange måter må sies å være et mye fattigere land enn Cambodia.

Dette var en time som ga oss som var der mange aha-opplevelser. Godt levert Øyvind!

Ref: Jonny

29.04.2014 – Dugnad ved Brattvåg Kirke.

Så var det på tide med ein dugnad igjen. Snart konfirmasjon, og på tide å rydde i parken ved Brattvåg Kyrkje. Fekk ingen kaffi denne gongen. Sendte ein e-mail til kyrkjekontoret om at vi kom, venter fortsatt på svar. Fint vart det i alle fall. Rolf Haugerud klipper fortsatt rosebeddet med stø hand.

Og så fekk vi prøvd dei nye gule Rotary-vestane våre. Vi såg veldig bra ut!

Ref. Anne Marit/Lidvar



HEIDER Njål Rømmereit er utnemnt til æresmedlem i Brattvåg Rotary. Her får han levert det synlege beviset frå president Anne Marit Sønderland. Foto: Hjørdis Kristine Skaar

Heider og ære til Njål

I takksemd for aktiv innsats i Brattvåg Rotaryklubb sidan 1968 vert Njål Rømmereit utnemnt til æresmedlem av Brattvåg Rotaryklubb.

Njål var president i klubben 1985/1986, og har i tillegg hatt dei fleste verva i klubben. Han har vore eit aktivt medlem, og har hatt eit stort engasjement for Rotary.

I 2009 fekk han tildelt Paul Harris Fellowship. Det er ei utmerking eller

æresbevisning for samfunnsangeleg arbeid, som er oppretta av Rotary International

Dugnadsarbeid

Spesielt har dugnadsarbeidet på Brattholmen stått hans hjarte nært, og har hatt eit stort engasjement for arbeidet som har vore gjort der. Sjølv om det vart gjort eit stort ryddearbeid, vaks skogen fort opp igjen. Dermed vart det sett ut geiter og

villsauer på holmen for å beite ned skogen. Gjennomføringa av dette prosjektet var ei hjertesak for Njål. Han viste eit stort engasjement og ei periode rodde han dagleg ut på Brattholmen for å sjå til at dyra hadde det bra.

Saman med Arne Tandevang var også Njål ei av eldsjelenes for å opparbeide veg rundt Synnalsvatnet.

Ein meir anonym historie er arbeidet han har

gjort med å reinske opp og sette i stand den gjen-grodde Håvikdemma. Dette arbeidet har han stort sett gjort åleine på eige initiativ.

Utmerkingane er vel fortent for det store arbeidet Njål har gjort for klubben og bygda.

HJØRDIS KRISTINE SKAAR
hjordis@nordrenett.no

06.05.2014 – Bjørn Johnsen, på jobb i Asia.

Frammøte: Ca. 30 medlemmar. Anne Marit leia møtet. Sindre Vik og Arne Vågnes har hatt bursdag sidan forrige møte. Ingen klubb saker blei tatt opp.

Kveldens hovudpost var ved Bjørn Johnsen, temaet var jobboppdatering med

hovudvekt på jobbreiser i Kina. Bjørn budde fem år i Shanghai der han jobba for Rolls-Royce. Etter heimkomst i 2009 skifta han jobb, og byrja som markedsdirektør hos Nyborg, som også arbeider innanfor skipsutstyr. Nyborg har hovudkontor i Sykkylven, med fabrikk også i Polen samt ei avdeling i

Tomrefjord. Dei lagar mekaniske ventilasjonssystem for alle typer skip, og skaffer også ein del komponentar for Vard. Bjørn har også ei 25% stilling i The Prime Group, som er eit markeds-samarbeid mellom seks skipsutstyrsløysleverandørar i fylket vårt – med fokus på marknaden i Kina. Dei

organiserer marknadsturar, messer, konferansar, pressedekning osv. Dette gjer at Bjørn har mykje reiseaktivitetar i Kina – 60-70 turar dei siste ti åra. Mykje av reisene er internt i Kina, der det har vore ei utruleg utvikling i infrastruktur - vegar, bruer, høg-hastighets jernbaner blir bygd i raskt tempo. Bjørn er blitt så varm i trøya i Kina at han til og med har holdt tale i bryllaup på kinesisk (og gjestane forstod visstnok mesteparten).

Dei fleste verfta i Kina er store og moderne med muligheiter til å byggje avanserte skip og riggar. Cosco, det kinesiske statsrederiet, er sikkert verdens største rederi med over 700 skip. Nyborg sel inn produkta sine gjennom forskjellige kanalar – alt fra sal via andre utstyrsleverandørar til kontrakt direkte med verfta. Dei leverer bl.a. avanserte ventilasjons-system til verdas største bilbåt som er under bygging i Kina for Høegh Autoliners, med kapasitet på over 8 000 bilar. For å få tak i desse kontraktane må ein i samspel med både verft, rederi og andre aktørar som står for planlegging og prosjektering.

Utstyrsleverandørane merkar ikkje noko særleg til det kjølige politiske klimaet som rår mellom Kina og Norge. Personleg network –

guangxi – er veldig viktig på den kinesiske marknaden, men korrupsjon er ikkje noko problem mellom private firma. Networking er viktig også på fritida – ein må halde ved like kontaktane sine også ved turar, konsertar, golf, middagar og liknande.

Etter ein veldig interessant presentasjon vart det mange spørsmål og kommentarar frå eit engasjert publikum.

Ref: Jan Huse

13.05.2014 – Besøk og skuespill fra Hildre Montessorriskule.

Denne dagen hadde vi besøk av montessoriskulen på Hildre. Dei hadde laga eit interessant spel om korleis Grunnlova vår vart til i 1814. Dei vart ønskt velkomne av president Anne Marit.

Ein lærar frå skulen ønskte og forsamlinga velkomne til spelet. Det var tydeleg at elevane hadde lagt mykje arbeid i framsyninga. Dei gjekk gjennom dei viktigaste hendingane i historia. Vi møtte både stathaldar Chr. Fredrik og mange av dei mest framstående mennene på Eidsvoll. For det var, som vi alle veit, berre menn som var tilstades. Kvinnene hadde ikkje stemmerett. Det fekk dei først eit hundreår seinare! Elevane hadde utstyrt seg med "uniformer" og framførte dialogar og anna på ein svært imponerende måte.

Det vart sjølvstundt om at nordmennene no ville rive seg laus både frå Danmark og frå Sverige, som freden i Kiel hadde lova bort landet til svenskane. Svenskekongen, Karl Johan, erklærte Noreg krig. Noko som heldigvis enda med ein union med Sverige.

Det var ei svært imponerende framvisning vi var vitne til. Det ein kan beklage var at berre 15/16 rotarianarar hadde funne vegen til møtet denne kvelden. Det var faktisk litt pinleg – spør du meg!



Ref.: Rolv Rørhus

20.05.2014 – Fritt møte

Frammøte: Ca. 30 medlemmar. Anne Marit leia møtet. Anders har hatt bursdag sidan forrige møte.

Ingen klubbsaker blei tatt opp.

Fritt møte denne kvelden – ingen organiserte program-postar. Arne Vågnes frå programkomitéen orienterte om dei fem resterande programma for dette halvåret. Neste tirsdag vert det bygdevandring i Tennfjord. Deretter kjem Jens Petter Ringstad som har foredrag om 1814, så vert det notfiske i Vadsetosen, deretter fisketur på Dryna før vi avsluttar med presidentskifte tirsdag 24. juni.

Innkomande president Geir Magne orienterte om planlegginga for neste rotaryår. I år vart denne for første gong innlevert på internett, ingen enkel jobb! Mål for klubben: Medlemsvekst på fire medlemmar – den dominerande aldersgruppa i klubben er 60-69 år, så det hadde gjort seg med tilfang av yngre medlemmar. Prosjekt: Tursti rundt Synnalsvatnet vert vidareført. Styre og organisasjon for neste rotaryår er på det nærmaste klar.


Ref: Jan Huse

27.05.2014 – Bygdevandring i Tennfjord

Frammøte: Ca. 30 medlemmar. Ingen klubbsaker blei tatt opp.

Kveldens program var bygdevandring i Tennfjord.

Vi møtte opp ved bautaen til Johan Tennfjord som var den store industrigründaren i bygda. Der holdt Rolf Rørhus orientering før turen gjekk til den gamle kaffe- kvernfabrikken til Johan. Torstein hadde innlegg om det som føregjekk der før vi gikk vidare til Sigurd-garden der det står ei støtte til minne om 1814. Den var reist av Ungdomslaget i 1914, og Torstein fortalde historia rundt dette. Neste stopp var Slyngstadliverk-staden der Bjørn Sjøholt har ein del veteranbilar ståande. Naustrekka var den neste plassen som vart besøkt, med orientering av Svein Vatnehol, før bygdevandringa vart avslutta på Tennfjordkaia.



Ref: Jan Huse

03.06.2014 – Året 1814 av Hans Petter Ringstad.

President Anne Marit Sønderland ønsket velkommen til nytt møte, og takket for forrige møte som var «Bygdevandring» i Tennfjord.

Vi har et annet inntrykk av Tennfjord nå enn vi hadde før «Bygdevandringen». Vi klappet for bursdagen til Rolv Rørhus som var den 31.mai. Jens Petter Ringstad var kveldens foredrags- holder, og han fortalte om året 1814. Klaus Pawel som var slottsprest skrev dagbok fra det året.

Han skrev i dagboken blant annet at det hendte mer i 1814 i Norge enn det hadde gjort på flere hundre år før.

Jens Petter Ringstad hadde et veldig levende og flott fortalt foredrag om året 1814.

Torstein Slyngstadli orienterte om neste møte som blir i Vadsetosen tirsdag den 10/6 kl. 19:00 og han og Thomas Vadset lovet godt vær til denne kvelden, med mye god fisk og tilbehør.

Ref: Svein Arne Rørhus.

10.06.2014 – Vadsetosen

President Anne Marit Sønderland ønsket velkommen til nytt møte, som i kveld var notkasting i Vadsetosen. 36 edlemmer og følge hadde tatt turen til Thomas Vadset sin fine plass ved Engesetdalsvatnet. Thomas orienterte litt om hvordan man brukte nota til å fiske med der i vatnet. Det første kastet med nota ga ikke så mange fisker (10stk) at det ble bestemt at det skulle kastes en gang til, og da ble fangsten 47 stk.

Torstein Slyngstadli var også i år «Grillmester» og stod for en nydelig tilberedt røyr. Det var Gunnar Eide som ble satt til å gjøre opp fisken som ble fanget, noe han hadde et framifrå handlag med. Da været også denne gangen var helt perfekt, så det ut som at alle koste seg med mat og drikke på utflukten til Vadsetosen.



Ref: Svein Arne Rørhus.

17.06.2014 – Fisketur

36 påmeldte til denne tradisjonsrike fisketuren med base på Dryna, på hytta til Svanhild. 3 båter var rekvirert inn og de var så lastet med fisk at de måtte gå for sakte fart til land. Fritt gjengitt fra President Anne Marit: «For en kveld, for en mat, for et vær, for en gjeng! Full klaff!»

Ref: Lidvar

24.06.2014 – Presidentskifte

President Anne Marit Sønderland ønsket velkommen til nytt møte, som i kveld var Presidentskifte. Vi sang så Rotary Internasjonale sang, og Øyvind Haugen spilte piano til. Så var det mange som hadde hatt bursdag i juni, Egil Pedersen, Sigrid Eidsvik, Helge Austbø og Lidvar Sunde og vi klappet for alle sammen.

Eva Hildre ble så tatt frem, og hun ble høytidelig tatt opp som medlem i klubben.

Etter opptagelsen ble det servert en nydelig fiske-suppe, med hjemmelaget brød til. President Anne Marit tok så en oppsummering av året som har gått. Hun takket alle komiteene som har hjulpet til dette året. Så takket hun medlemmene fra Vatne/-Tennfjord RK som etter nedleggelsen av den klubben, valgte å bli med i Brattvåg RK. Dere er en unik gjeng sa hun, og de fikk applaus. Øyvind Haugen og Rolf Haugerud fikk blomster for godt fremmøte dette Rotaryåret. Anders Lausund fikk en pins med presidenten for han var så flink til å passe på pengene til klubben. Så var det høytidelig skifte av president, og den nye presidenten **Geir Magne Ingeborgvik** fikk kjede rundt halsen. Etter dette ble det servert kaffe og kake og det vart en god prat rundt bordene.

Ref: Svein Arne Rørhus